



Wikborg, Rein & Co Advokatfirma DA
Postboks 1233 Sentrum
5811 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2594 - 14/9274

Saksbehandlar:
Erik Knag Johannesen
erik.knag.johannesen@meland.kommune.no

Dato:
20.06.2014

Garasje Galtenesvegen gnr. 23, bnr. 180

Viser til Dykkar brev i saka, datert 27. mai d.å.

Atkomst og parkering for Dykkar klients eigedom, gnr. 23, bnr. 221 er regulert i gjeldande reguleringsplan med reguleringsføresegner vedkommandereguleringsplan på Frekhaug for Trysil systemhus og Meland kommune. Det er føresegnene § 7 som omhandlar atkomst og parkering. Denne er endra ved kommunestyrevedtak i sak: KS-042/10. Fyrste avsnitt i §7 etter endringa lyder som følger:

«For kvar bueining skal det vere minst 1,5 oppstillingsplassar for bil på eigen grunn eller i fellesanlegg. Det er høve til å opparbeide biloppstillingsplass og garasje på eigen tomt der plan- og bygningslova gjev rom for dette. Eigedomar som ikkje ligg langs køyreveg har tilkomst via køyrbar gangveg».

Etter dette må det vere klart at den einskilde eigedom skal ha høve til parkering i fellesanlegg, eller på eige tomt. Etter det kommunen forstår har Dykkar klientar opparbeid parkering på eiga tomt. Parkeringsløyisinga samsvarer såleis med gjeldande planføresegner.

Når det gjeld atkomst for Dykkar klienters eigedom, går det fram av plankart og ovanfor sitrete del av reguleringsføresegnene, at denne har atkomst er over «køyrbar gangveg». Dette er veg primært tiltenkt ikkjemotorisert ferdsel, men som er teknisk mogleg å køyre på med vanleg personbil. Tilkomst er såleis i samsvar med gjeldande plan.

Kva gjeld grensejustering i 1994, var dåverande heimelshaver til bnr. 221 varsla om grensejusteringen, og fått tilsendt målebrev. Det framgår her at det er satt av plass til ein fjerde parkeringsplass ved den aktuelle garasjen.

Kommunen kan vidare ikkje sjå at den aktuelle garasjen, oppført på bnr. 180, ikkje er i samsvar med plan. Etter kommunens skjønn ligg denne innanfor det avsatte området i plankartet. Garasjen er bygd med tre plassar, og det er satt av plass til ein fjerde parkeringsplass.

De hevdar i Dykkar brev at bnr. 221 ikkje ble nabovarsla før aktuelle garasje på bnr. 180 ble oppført i 1991, før nemnde grensejustering. Kommunen kan ikkje sjå at dette har hatt bestemt betydning for saken.

Vi legg ved kopi av melding, målebrev og protokoll for kartforretning etter den aktuelle oppmålingsforretningen.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Erik Knag Johannesen
bygg- og eideomsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
20140620144918

Mottakere:

Wikborg, Rein & Co Advokatfirma
DA

Postboks 1233
Sentrum

5811

BERGEN